



**Sakshandsamar:**

Torbjørn Hasund  
E-post: torbjorn.hasund@sfj.no  
Tlf.: 93004685

**Vår ref.**

Sak nr.: 15/168-63  
Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

**Internt l.nr.**

19664/15

**Dykkar ref.**

**Dato**

LEIKANGER, 22.06.2015

Adresseliste

## Svar - Tilskot til vilttiltak – statsbudsjettet kap. 1425 post 71

Fylkeskommunen disponerer midlar til vilttiltak løyvd over statsbudsjettet kap. 1425 post 71 (Klima- og miljødepartementet ved Miljødirektoratet). Sogn og Fjordane fylkeskommune har fått ei tilskotsrøme på 500 000,- kr for året 2015. I tildelingsbrevet står det også:

*«I tilknytning til det omfattande arbeidet i regi av Sogn og Fjordane skogeigarlag med organisering av hjorteforvaltninga, er det også for 2015 lagt inn en øremerket økning på 100 000 til Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal.....»*

Fylkeskommunen har motteke 14 søknader. Samla er det søkt om 1,5 mill. kroner.

### Bakgrunn

MD har gjeve retningsliner for bruken av midlane gjennom rundskriv T-1/14 Tilskotsordningar for 2015. Målet med ordninga er å medverke til at bestandane av jaktbart vilt er slik at vi kan hauste av eit overskot. Målgruppe for ordninga er frivillige organisasjonar, institusjonar, kommunar og einskildpersonar.

Tiltak som kan få tilskot er:

- Tilrettelegging for og rekruttering til jakt
- Informasjon om jakt og jaktmoglegheiter
- Kartlegging av viltressursane, viltet sine leveområde og viltinteresser
- Innarbeiding av viltet sine leveområde og viltinteresser i kommunale planar
- Oppretting og drift av lokale samarbeidsråd
- Deltaking i rettshavarane sitt driftsplanarbeid

Fylkeskommunen har vedteke følgjande strategiar for vilt- og fiskeforvaltning:

- I. Styrking av kunnskapsnivået, om vilt og innlandsfisk, i Sogn og Fjordane.
- II. Betre organisering av vilt- og innlandsfiskeforvaltning på grunneigarsida.
- III. Utvikling av effektive forvaltingsmodellar for innlandsfisk og vilt.

Desse strategiane er førande for prioritering av søknader.

Søknader om tilskot til tiltak som inngår som del av ein plan vil bli prioriterte.



**Tiltak som får løyving:**

Leikanger kommune	Prosjekt «Forvaltning av hjortebestand»	Kr. 10 000
Sogn og Fjordane Skogeigarlag	Prosjekt «Forvaltning av hjortebestand»	Kr. 300 000
Felles landbrukskontor Årdal, Lærdal og Aurland (Lærdal)	Prosjekt «Forvaltning av hjortebestand»	Kr. 20 000
Felles landbrukskontor Årdal, Lærdal og Aurland (Aurland)	Prosjekt «Forvaltning av hjortebestand»	Kr. 20 000
NJFF Sogn og Fjordane	Tiltak human jakt	Kr. 100 000
NJFF Sogn og Fjordane	Modell for småviltforvaltning	Kr. 50 000

**Generelle vilkår for løyvingane**

Med grunnlag i rundskriv T-1/14 er det sett følgjande vilkår for løyvingane:

- Prosjekt vert starta opp seinast innan 01.09.2015
- Det skal førast rekneskap for prosjektkostnadane slik at kostnadane kan jamførast med det som er budsjettert i søknaden
- De kan, etter start av prosjektet, søkje om delutbetaling av inntil 75% av tilskotet (ved oppmoding om delutbetaling må de vise til både konto- og organisasjonsnummer)
- Sluttutbetaling av tilskot vil skje når fylkeskommunen får tilsendt sluttrapport om tiltaket (rapportskjema finn de som vedlegg)
- Tilsegna vert trekt attende dersom det ikkje ligg føre sluttrapport innan 01.03.16
- Dersom prosjektet får eit mindre omfang enn planlagt, kan tilskotet verte tilsvarande avkorta

Fylkeskommunen fører kontroll med at utbetalt tilskot vert nytta i samsvar med føresetnadene. Fylkeskommunen kan krevja tilbakebetaling av midlane, dersom det vert avdekka at tilskot vert nytta i strid med føresetnadane. Rekneskapsdata og dokumentasjon må takast vare på av søkar og vert også arkiverte hjå fylkeskommunen.

Dersom vilkåra ikkje vert aksepterte, må det gjevast melding om dette innan 6 veker etter at dette brevet er motteke.

**Tiltak som får avslag (på midlar frå statsbudsjettet, Kap. 1425 post 71):**

Hordaland Elghundklubb	Human jaktutøvelse og bruk av ettersøkshund
Stiftelsen Elgen	Informasjon om hjortevilt og forvaltning
Sogn og Fjordane skogeigarlag	Viltseminar, januar 2016
Årdal jeger- og fiskerforening	Hønsefugltaksering i Årdalsfjella
Norsk institutt for naturforskning	Hønsefuglportalen 2015
Norsk hjortesenter	Handbok i praktisk viltforvaltning
Sogn og Fjordane skogeigarlag	Samarbeidsprosjekt småvilt
Norsk Viltsykehus	Oppretting og drift av viltsjukehus

Vi viser og til omtalen av løyvinga til Sogn og Fjordane skogeigarlag som ansvarleg for eit større prosjekt i samarbeid med fleire kommunar.

## Vurdering

Fylkesdirektøren omtalar og vurderer alle søknadane etter ein felles mal, sjå nedanfor. Det er teke stilling til kva tiltak som får tilskot, ut i frå føremålet med ordninga. I tillegg vert tiltak som har regional karakter prioritert før lokale og nasjonale tiltak. Det vil t.d. medføre at tiltak organisert gjennom regionale organisasjonar vert prioritert framfor lokale og nasjonale tiltak/organisasjonar. Når søknadsmassen er stor fører det til at lokale og landsdekkande tiltak/organisasjonar ikkje får tilskot.

Ved vurderingane har vi lagt til grunn eit ønske om å nytte etablerte organisasjonar med lokallag i heile i fylket, som har ein samanbindande funksjon og som har erfaring med å gjennomføre heilskaplege prosjekt. Difor har midlane i år i stor grad gått til prosjekt i regi av NJFF Sogn og Fjordane og Sogn og Fjordane skogeigarlag. NJFF Sogn og Fjordane har utviklingsavtale med fylkeskommunen, og Sogn og Fjordane skogeigarlag har på gang eit stort prosjekt knytt til forvaltning av hjort. Målet er å utvikle og forsterke organisasjonen og fylkeskommunen sitt arbeid innan feltet. Tiltaka i fleire av dei søknadane som ikkje har fått tildelt midlar er av same karakter som søknader frå dei to fylkesdekkande organisasjonane.

### Samla omtale og vurdering av dei innkomne søknadane:

<b>Human jaktutøving og bruk av ettersøks hund</b>		<b>Omtale</b>	<b>Vurdering</b>
Journalpost:	15/168-55	Tiltak for å auke bruk av bandhund på jakt og ettersøk etter hjortevilt spesielt med tanke på Vestlandet og hjort. Innkome etter fristen	Direkte knytt til NM i bandhund 2015 i Hordaland. Human jaktutøving er også tema i søknad frå NJFF S&F. Søknad innkome etter fristen
Søkjjar:	Hordaland Elghundklubb		
Søknadssum	kr.50 000		
Totalbudsjett	kr. 50 000		
<b>Løyvde midlar</b>	<b>kr. 0</b>		

<b>Informasjonstiltak, bladet Skog</b>		<b>Omtale</b>	<b>Vurdering</b>
Journalpost:	15/168-54	Produksjon og distribusjon av fagbladet Elgen. Søknad innkomen etter fristen	Etter vår vurdering eit nasjonalt tiltak som bør dekkjast over andre midlar. Innkome etter fristen og ikkje registrert i søknadssenteret.
Søkjjar:	Stiftelsen Elgen		
Søknadssum	kr.10 000		
Totalbudsjett	kr. 360 000		
Løyvde midlar	<b>kr. 0</b>		

<b>Prosjekt forvaltning av hjortebestand</b>		<b>Omtale</b>	<b>Vurdering</b>
Journalpost:	15/168-52	Kommunen har eit lite viltfond og søker midlar for å kunne vere med i prosjektet «Forvaltning av hjortebestand i Sogn og Fjordane»	Deltaking frå alle kommunane er viktig for heilskapen i prosjektet. Innkome etter fristen
Søkjjar:	Leikanger kommune		
Søknadssum	kr. 15 000		
Totalbudsjett	kr. 25 000		
<b>Løyvde midlar</b>	<b>kr. 10 000</b>		

<b>Viltseminar, januar 2016</b>		<b>Omtale</b>	<b>Vurdering</b>
Journalpost:	15/168-42	Viltseminar retta mot jegerar, grunneigarar og offentleg tilsette.	Viktig regionalt informasjonstiltak om jakt og forvaltning. Innkome
Søkjjar:	Sogn og Fjordane skogeigarlag		

Søknadssum	kr. 75 000		etter fristen. Ikkje tildelt grunna avgrensa midlar
Totalbudsjett	kr. 75 000		
<b>Løyvde midlar</b>	<b>kr. 0</b>		
<b>Særskilte vilkår</b>			

<b>Høsefugltaksering i Årdalsfjella</b>		<b>Omtale</b>	<b>Vurdering</b>
Journalpost:	15/168-25	Registrere rype i Årdalsfjella i ein periode på 3-5 år. Avtale med Høgskulen i Hedmark om databehandling.	Sjå generell vurdering lenger oppe i brevet. Vi har prioritert søknaden frå fylkeslaget til NJFF i høve småvilt.
Søkjjar:	Årdal jeger- og fiskerforening		
Søknadssum	kr. 22 000		
Totalbudsjett	kr. 67 000		
<b>Løyvde midlar</b>	<b>kr. 0</b>		

<b>Høsefuglportalen 2015</b>		<b>Omtale</b>	<b>Vurdering</b>
Journalpost:	15/168-23	Utvide aktiviteten og vidareutvikle webportalen «Høsefuglportalen» sin funksjonalitet	Nasjonal tiltaks karakter. Vi har prioritert regionale tiltak.
Søkjjar:	Norsk institutt for naturforskning		
Søknadssum	kr. 200 000		
Totalbudsjett	kr. 350 000		
<b>Løyvde midlar</b>	<b>kr. 0</b>		

<b>Prosjekt «Forvaltning av hjortebestand 2013 – 2017»</b>		<b>Omtale</b>	<b>Vurdering</b>
Journalpost:	15/168-22	Legg til rette for etablering av grunneigarstyrt forvaltning av hjortebestandar	Regional karakter. Viktig for heilskapleg forvaltning av hjort i fylket. Langsiktig verdi. Sjå også generell vurdering lenger oppe i brevet.
Søkjjar:	Sogn og Fjordane skogeigarlag		
Søknadssum	kr. 300 000		
Totalbudsjett	kr. 300 000		
<b>Løyvde midlar</b>	<b>kr. 300 000</b>		
<b>Særskilte vilkår</b>			

<b>Prosjekt forvaltning av hjortebestand</b>		<b>Omtale</b>	<b>Vurdering</b>
Journalpost:	15/168-20	Søker midlar for å kunne vere med i prosjektet «Forvaltning av hjortebestand i Sogn og Fjordane». På vegne av Lærdal kommune.	Deltaking frå alle kommunane er viktig for heilskapen i prosjektet.
Søkjjar:	Felles landbrukskontor Årdal, Lærdal og Aurland		
Søknadssum	kr. 37 500		
Totalbudsjett	kr. 75 000		
<b>Løyvde midlar</b>	<b>kr. 20 000</b>		
<b>Særskilte vilkår</b>			

<b>Prosjekt forvaltning av hjortebestand</b>		<b>Omtale</b>	<b>Vurdering</b>
Journalpost:	15/168-19	Søker midlar for å kunne vere med i prosjektet «Forvaltning av hjortebestand i Sogn og Fjordane». På vegne av Aurland kommune	Deltaking frå alle kommunane er viktig for heilskapen i prosjektet.
Søkjjar:	Felles landbrukskontor Årdal, Lærdal og Aurland		
Søknadssum	kr. 50 000		
Totalbudsjett	kr. 75 000		
<b>Løyvde midlar</b>	<b>kr. 20 000</b>		
<b>Særskilte vilkår</b>			

<b>Handbok i praktisk hjorteviltforvaltning</b>		<b>Omtale</b>	<b>Vurdering</b>
Journalpost:	15/168-18	Nettbasert handbok i praktisk forvaltning av hjortevilt.	Tiltak med nasjonal karakter. Vi har prioritert tiltak med regional karakter
Søkjjar:	Norsk hjortesenter		
Søknadssum	kr. 150 000		
Totalbudsjett	kr. 300 000		
<b>Løyvde midlar</b>	<b>kr. 0</b>		

<b>Tiltak human jakt</b>		<b>Omtale</b>	<b>Vurdering</b>
Journalpost:	15/168-15	Prosjekt human jakt i utviklingsavtale med Sogn og Fjordane FK. Rettar seg mot alle typar jakt.	Regionalt opplæringstiltak, retta mot all form for jakt
Søkjjar:	NJFF Sogn og Fjordane		
Søknadssum	kr. 100 000		
Totalbudsjett	kr. 310 000		
<b>Løyvde midlar</b>	<b>kr. 100 000</b>		
<b>Særskilte vilkår</b>	Del av utviklingsavtale mellom SFFK og NJFF Sogn og Fjordane		

<b>Modell for småviltforvaltning</b>		<b>Omtale</b>	<b>Vurdering</b>
Journalpost:	15/168-14	Prosjektmodell for småviltforvaltning i utviklingsavtale Sogn og Fjordane FK	Tiltak som vil kunne få verdi for viltforvaltning i heile fylket
Søkjjar:	NJFF Sogn og Fjordane		
Søknadssum	kr. 50 000		
Totalbudsjett	kr. 96 000		
<b>Løyvde midlar</b>	<b>kr. 50 000</b>		
<b>Særskilte vilkår</b>	Del av utviklingsavtale mellom SFFK og NJFF Sogn og Fjordane		

<b>Samarbeidsprosjekt småvilt i Sogn og Fjordane</b>		<b>Omtale</b>	<b>Vurdering</b>
Journalpost:	15/168-8	Forprosjekt for eit større hovudprosjekt på småviltforvaltning i Sogn og Fjordane.	I høve småvilt har vi prioritert søknaden frå NJFF. Positivt om NJFF og skogeigarlaget kan samarbeide om prosjekt retta mot småvilt
Søkjjar:	Sogn og Fjordane skogeigarlag		
Søknadssum	kr. 95 000		
Totalbudsjett	kr. 110 000		
<b>Løyvde midlar</b>	<b>kr. 0</b>		
<b>Særskilte vilkår</b>			

<b>Oppretting / drift av viltskyehus</b>		<b>Omtale</b>	<b>Vurdering</b>
Journalpost:	15/168-3	Dyresjukehus for å ta i mot skadet og sykt vilt og fugler for diagnostisering, behandling og rehabilitering.	Nasjonalt tiltak, ikkje prioritert
Søkjjar:	Norsk viltskyehus		
Søknadssum	kr. 320 300		
Totalbudsjett	kr. 445 300		
<b>Løyvde midlar</b>	<b>kr. 0</b>		

### **Klagerett**

De kan klage på vedtaket innan 3 veker etter at de fekk dette brevet jf forvaltningslova §§ 28-29. Ei eventuell klage skal sendast til fylkeskommunen. Klaga bør vera grunnigitt, jfr. § 32 i forvaltningslova.

Ta kontakt med fylkeskommunen dersom det er trong for meir informasjon om klageretten og framgangsmåten kring ei klage.

Med helsing

Svein Arne Skuggen Hoff  
fylkesdirektør

Torbjørn Hasund  
rådgjevar

*Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift*

Vedlegg:

Klageskjema melding om rett til å klage på forvaltningsvedtak

Mottakarar

Sogn og Fjordane, Skogeigarlag SA, Finn Olav Myhren, Hafstadgården, 6801 FØRDE

Norsk institutt for naturforskning, Erlend Birkeland Nilsen, 7485 TRONDHEIM

Leikanger kommune, Skrivarvegen 7, 6863 LEIKANGER

Hordaland Elghundklubb

Felles landbrukskontor Årdal, Lærdal og Aurland, Vangen 1, 5745 AURLAND

Norsk Hjortesenter, Stein Joar Hegland, 6914 SVANØYBUKT

Stiftelsen Elgen, postboks 117, 2401 ELVERUM

Årdal Jeger og Fiskerforening, Vidar Moen, Bringevegen 8, 6885 ÅRDALSTANGEN

Sogn og Fjordane Skogeigarlag SA

NJFF Sogn og Fjordane, Rygg, 6823 SANDANE

Norsk Viltsykehus, Aviv Livnat, Rekefjordveien 23, 4380 HAUGE I DALANE